

Utval: Utval for kultur, idrett og regional utvikling
Møtestad: Synfaring i Arna. Fylkeshuset, fylkesutvalsalen
Dato: 18.01.2017
Tidspunkt: 08.45-14.30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Parti	Merknad
Beate Husa	Leiar	KrF	
Kjell Gitton Håland	Nestleiar	A	
Siri Klokkerstuen	Medlem	A	
Espen Berntsen	Medlem	A	
Katrin Innvær Ankervold	Medlem	A	
Gunn Berit Lunde Aarvik	Medlem	A	Til kl. 13.30
Olav Kvinge	Medlem	H	
May Eva Sandvik	Medlem	H	
Neshe Lie	Medlem	H	
Sigbjørn Framnes	Medlem	FrP	
Gunnar Bakke	Medlem	FrP	
Sara Hamre Sekkingstad	Medlem	Sp	

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Parti
Geir Kjell Andersland	Medlem	V/MDG

Følgjande varamedlemer møtte:

Navn	Møtte for	Parti
Karina Garnes Reigstad	Geir Kjell Andersland	MDG

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Ronny Skaar	Utviklingssjef kultur- og idrettsavdelinga
Anne Aune	Fylkesarkivar
Britt-Karen Spjeld	Fylkesidrettssjef
Ruth Ørnholz	Fylkesbiblioteksjef
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Eva Katrine Taule	Kst. plansjef regionalavdelinga
Sølve Dag Sondbø	Klima- og naturressurssjef regionalavdelinga
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 1/17	Godkjenning av innkalling og saksliste		
PS 2/17	Godkjenning av møtebok frå førre møte		
PS 3/17	Referatsaker (meldingar)		
PS 4/17	Tilskot til folkehelsearbeid i kommunane - forlenging av tilskotsordning	2016/35103	
PS 5/17	Utviding av tilskotsordninga lavterskel fysisk aktivitet for born og ungdom frå 2017	2017/121	
PS 6/17	Stønad etter vedtak - reviderte tilskotsordningar med kriteria og innretting	2015/12714	
PS 7/17	Fordeling av støtte til bibliotekprosjekt. Modellbibliotek i Hordaland 2017	2016/10531	
PS 8/17	Fullmakter på kultur- og idrettsområdet i 2017	2015/12714	
PS 9/17	Ny forskrift om offentlege arkiv - høyring	2016/11055	
PS 10/17	Fråsegn til områdereguleringsplan for Vårheia bustadområde - gnr 302 bnr 1, 12, 15 m.fl. Arna - Bergen kommune	2014/13625	
PS 11/17	Klimapartner Hordaland - vidare utvikling	2014/24656	
PS 12/17	Forslag til endringar i vassdragsreguleringsloven og industrikonsesjonsloven. Fråsegn	2016/34359	
PS 13/17	Ymse		

PS 1/17 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 18.01.2017

Vedtak

Innkallinga vart godkjent utan merknader.

Saklista vart godkjent utan merknader.

PS 2/17 Godkjenning av møtebok frå førre møte

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 18.01.2017

Sigbjørn Framnes (Frp) sette fram slik protokollmerknad:

«I møte 02.12.2016 i sak 171/16 blei det ved ein feil frå Frp innlevert feil forslag til vedtak. Det rette skulle vore:

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at planforslaget for Askøyparken ikkje legg opp til bilbasert detaljhandel. Den bidrar heller ikkje til auka klimagassutslepp knytt til transport.»

Vedtak

Møteprotokollen frå møte i utval for kultur, idrett og regional utvikling 06.12.2016 vart godkjend utan merknader.

Protokollmerknad frå FrP

I møte 02.12.2016 i sak 171/16 blei det ved ein feil frå Frp innlevert feil forslag til vedtak. Det rette skulle vore:

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at planforslaget for Askøyarken ikkje legg opp til bilbasert detaljhandel. Den bidrar heller ikkje til auka klimagassutslepp knytt til transport.

PS 3/17 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 18.01.2017

Vedtak

Det var ikkje lagt fram referatsaker til dette møtet.

PS 4/17 Tilskot til folkehelsearbeid i kommunane - forlenging av tilskotsordning

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune vidarefører ordninga med økonomisk tilskot til folkehelsearbeid i kommunane innanfor eksisterande økonomiske rammer og etter noverande fordelingsnøkkelen for åra 2017-2019. Det vert teke slikt etterhald: a) tidlegare gjennomføring av kommunesamanslåingar og b) nye føringar i samband med innføring av regionreforma.
2. Spørsmålet om vidare tilskot til folkehelsearbeid frå Hordaland fylkeskommune til kommunane i fylket skal utgreiaast i samband med regionreforma. Bruk av tilskotet til delfinansiering av stilling som folkehelsekoordinator vert avvikla i samband innføring av kommunereforma.
3. Ordninga med tilskotsmidlar etter innbyggjartal vert vidareført i perioden. Kommunar over 10.000 innbyggjarar kan få kr 150.000 pr. år i tilskot, kommunar mellom 5.000 og 10.000 innbyggjarar kan få kr 100.000 og kommunar under 5.000 innbyggjarar kr 75.000. pr. år i tilskot. Årlege tilskot vert gjeve etter søknad.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.01.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkeskommune vidarefører ordninga med økonomisk tilskot til folkehelsearbeid i kommunane innanfor eksisterande økonomiske rammer og etter noverande fordelingsnøkkelen for åra 2017-2019. Det vert teke slikt etterhald: a) tidlegare gjennomføring av kommunesamanslåingar og b) nye føringar i samband med innføring av regionreforma.
2. Spørsmålet om vidare tilskot til folkehelsearbeid frå Hordaland fylkeskommune til kommunane i fylket skal utgreiaast i samband med regionreforma. Bruk av tilskotet til delfinansiering av stilling som folkehelsekoordinator vert avvikla i samband innføring av kommunereforma.
3. Ordninga med tilskotsmidlar etter innbyggjartal vert vidareført i perioden. Kommunar over 10.000 innbyggjarar kan få kr 150.000 pr. år i tilskot, kommunar mellom 5.000 og 10.000 innbyggjarar kan få kr 100.000 og kommunar under 5.000 innbyggjarar kr 75.000. pr. år i tilskot. Årlege tilskot vert gjeve etter søknad.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 18.01.2017

Beate Husa (KrF) sette fram slikt forslag:

«Endring i punkt 3: (endringane er understreka)
Ordninga med tilskotsmidlar etter innbyggjartal vert vidareført i perioden. Kommunar over 10.000 innbyggjarar kan få kr 145.000 pr. år i tilskot, kommunar mellom 5.000 og 10.000 innbyggjarar kan få kr 95.000 og kommunar under 5.000 innbyggjarar kr 70.000. pr. år i tilskot. Bergen kommune kan få kr 250.000 i tilskot. Årlege tilskot vert gjeve etter søknad.»

Røysting

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Husa sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkeskommune vidarefører ordninga med økonomisk tilskot til folkehelsearbeid i kommunane innanfor eksisterande økonomiske rammer og etter noverande fordelingsnøkkel for åra 2017-2019. Det vert teke slikt etterhald: a) tidlegare gjennomføring av kommunesamanslåingar og b) nye føringar i samband med innføring av regionreforma.
2. Spørsmålet om vidare tilskot til folkehelsearbeid frå Hordaland fylkeskommune til kommunane i fylket skal utgreiaast i samband med regionreforma. Bruk av tilskotet til delfinansiering av stilling som folkehelsekoordinator vert avvikla i samband innføring av kommunereforma.
3. Ordninga med tilskotsmidlar etter innbyggjartal vert vidareført i perioden. Kommunar over 10.000 innbyggjarar kan få kr 145.000 pr. år i tilskot, kommunar mellom 5.000 og 10.000 innbyggjarar kan få kr 95.000 og kommunar under 5.000 innbyggjarar kr 70.000. pr. år i tilskot. Bergen kommune kan få kr 250.000 i tilskot. Årlege tilskot vert gjeve etter søknad.

PS 5/17 Utviding av tilskotsordninga lavterskel fysisk aktivitet for born og ungdom frå 2017

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek dei nye retningslinene for tilskotsordninga *Tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for born og ungdom*.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 18.01.2017

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek dei nye retningslinene for tilskotsordninga *Tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for born og ungdom*.

PS 6/17 Stønad etter vedtak - reviderte tilskotsordningar med kriteria og innretting

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling slutter seg til kriteria og innretting for ordningane under budsjettposten Stønad etter vedtak slik dei går fram av saka.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 18.01.2017

Sigbjørn Framnes (Frp) stilte spørsmål om han var ugild fordi han er dagleg leiar i ei verksemd som har MS Sunnhordland i sin portefølje. Det kan verte aktuelt å søkje på midlane.

Framnes gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var ugild. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok samråystes at han ikkje var ugild etter forvaltningslova § 6, 2. ledd.

Sigbjørn Framnes tiltredde saksbehandlinga.

Røysting

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke.

Vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling slutter seg til kriteria og innretting for ordningane under budsjettposten Stønad etter vedtak slik dei går fram av saka.

PS 7/17 Fordeling av støtte til bibliotekprosjekt. Modellbibliotek i Hordaland 2017

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver kr 100 000 til folkebiblioteka i Fusa, Radøy, Samnanger, Stord og Tysnes kommunar til utvikling av modellbibliotek. Tre av løyvingane går over budsjettkap. 400.340 Bibliotekprosjekt, medan to løyvingar går frå prosjektnr 41117 *Sterk, spenstig og klar*.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 18.01.2017

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke.

Vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver kr 100 000 til folkebiblioteka i Fusa, Radøy, Samnanger, Stord og Tysnes kommunar til utvikling av modellbibliotek. Tre av løyvingane går over budsjettkap. 400.340 Bibliotekprosjekt, medan to løyvingar går frå prosjektnr. 41117 *Sterk, spenstig og klar*.

PS 8/17 Fullmakter på kultur- og idrettsområdet i 2017

Forslag til vedtak

Forslag om delegasjon til fylkesrådmannen omfattar følgjande postar i budsjettet:

Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele/disponere tilskota innan idrett og friluftsliv i følgjande postar 400.410, 400.420 og 400.450:

1. Post 400.410:
 1. Fylkespremiar kr 50.000
 2. Campus Bergen kr 2 mill.

3. Prosjekt spelemidlar kr 400.000
 4. Medfinansiering til kommunar ved bygging av fleir brukshall kr 4 mill.
2. Post 400.420:
 1. Støtte til regionale arrangement for menneske med nedsett funksjonsevne - psykiatri/rus og psykisk utviklingshemma/partnerskap for folkehelse kr 500.000
 2. Konferansar/ kompetanse knytt til aktivitets- og anleggsutvikling i kommunar og organisasjonar
kr 233.000
 3. Post 400.450:
 1. Tilskot til merking og gradering av turløyper kr 770.000 og tildelte midlar frå Gjensidigestiftelsen
kr 1.100.000, til saman kr 1.880.000 til fordeling.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 18.01.2017

Fylkesdirektør kultur og idrett gjorde merksam på ein feil i forslaget til vedtak punkt 3, og bad om at det vert gjort slik endring (endringa er understreka):

3. Post 400.450:
 1. Tilskot til merking og gradering av turløyper kr 770.000 og tildelte midlar frå Gjensidigestiftelsen
kr 824.500, til saman kr 1 594.500 til fordeling.

Røysting

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt reviderte forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Forslag om delegasjon til fylkesrådmannen omfattar følgjande postar i budsjettet:

Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele/disponere tilskota innan idrett og friluftsliv i følgjande postar 400.410, 400.420 og 400.450:

1. Post 400.410:
 1. Fylkespremiar kr 50.000
 2. Campus Bergen kr 2 mill.
 3. Prosjekt spelemidlar kr 400.000
 4. Medfinansiering til kommunar ved bygging av fleir brukshall kr 4 mill.
2. Post 400.420:
 1. Støtte til regionale arrangement for menneske med nedsett funksjonsevne - psykiatri/rus og psykisk utviklingshemma/partnerskap for folkehelse kr 500.000
 2. Konferansar/ kompetanse knytt til aktivitets- og anleggsutvikling i kommunar og organisasjonar
kr 233.000
3. Post 400.450:
 1. Tilskot til merking og gradering av turløyper kr 770.000 og tildelte midlar frå Gjensidigestiftelsen
kr 824.500, til saman kr 1 594.500 til fordeling.

PS 9/17 Ny forskrift om offentlege arkiv - høyring

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet meiner at framlegget til forskrift til arkiv er godt tilpassa den digitale arkivdanninga, og stiller seg bak forslaget.
2. Fylkesutvalet er positiv til forslaget om at arkivtenesta vart lagt til internkontroll for arkiv i organet og at det i større grad enn tidlegare opnast opp for at organet sjølv kan definere korleis arkivtenesta skal organiserast. Fylkesutvalet meiner at føresegna om internkontroll bør innehalde krav til kompetanse i arkivtenesta.
3. Fylkesutvalet meiner at det i framlegg til ny arkivforskrift bør under § 3 om internkontroll for arkiv fastsetjast at offentlege organ ved konkurranseutsetjing av offentlege oppgåver kan krevje at dei private aktørane følgjer regelverket for offentlege arkiv.
4. Fylkesutvalet stiller seg positiv til at det blir opna opp for å lagre arkivmateriale digitalt i utlandet. Men ein føresetnad for å tillate skytenester med lagring i utlandet er at norske lovverk og IKT-tekniske krav utarbeidd av Datatilsynet vert ivaretake. Slike avtaler er juridisk kompliserte og det er behov for spesifikk kompetanse på feltet. Ein føresetnad er difor at det det frå sentralt hald, til dømes i Arkivverket, vert utarbeidd malar og rettleiarar på fagområdet.
5. Fylkesutvalet er skeptisk til å kassere arkivmateriale etter digitalisering slik regelverket i forslaget er utforma. Det er viktig at det blir stilt krav til at kontekstinformasjon blir dokumentert når arkiv skal digitaliserast. Fylkesutvalet meiner at ein må sikre at det digitaliserte materiale tåler teknologiskifte og å bli migrert til nye elektroniske system.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 18.01.2017

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet meiner at framlegget til forskrift til arkiv er godt tilpassa den digitale arkivdanninga, og stiller seg bak forslaget.
2. Fylkesutvalet er positiv til forslaget om at arkivtenesta vart lagt til internkontroll for arkiv i organet og at det i større grad enn tidlegare opnast opp for at organet sjølv kan definere korleis arkivtenesta skal organiserast. Fylkesutvalet meiner at føresegna om internkontroll bør innehalde krav til kompetanse i arkivtenesta.
3. Fylkesutvalet meiner at det i framlegg til ny arkivforskrift bør under § 3 om internkontroll for arkiv fastsetjast at offentlege organ ved konkurranseutsetjing av offentlege oppgåver kan krevje at dei private aktørane følgjer regelverket for offentlege arkiv.
4. Fylkesutvalet stiller seg positiv til at det blir opna opp for å lagre arkivmateriale digitalt i utlandet. Men ein føresetnad for å tillate skytenester med lagring i utlandet er at norske lovverk og IKT-tekniske krav utarbeidd av Datatilsynet vert ivaretake. Slike avtaler er juridisk kompliserte og det er behov for spesifikk kompetanse på feltet. Ein føresetnad er difor at det det frå sentralt hald, til dømes i Arkivverket, vert utarbeidd malar og rettleiarar på fagområdet.
5. Fylkesutvalet er skeptisk til å kassere arkivmateriale etter digitalisering slik regelverket i forslaget er utforma. Det er viktig at det blir stilt krav til at kontekstinformasjon blir dokumentert når arkiv skal digitaliserast. Fylkesutvalet meiner at ein må sikre at det digitaliserte materiale tåler teknologiskifte og å bli migrert til nye elektroniske system.

PS 10/17 Fråsegn til områdereguleringsplan for Vårheia bustadområde - gnr 302 bnr 1, 12, 15 m.fl. Arna - Bergen kommune

Forslag til vedtak

Områdereguleringsplan for Vårheia er i strid med mål om samordna bustad, areal og transportplanlegging jamfør *Klimaplan for Hordaland* kapittel 5.

Planarbeidet bryt med vedtekne grunnprinsipp i *Kollektivstrategi for Hordaland*. Eit bustadområdet i Vårheia vil ikkje kunne gi marknadsgrunnlag for å etablere nye busstilbod med høg frekvens og vil legge beslag på ressursar som kan bidra til fleire og nye kundar.

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling fremjar motsegn til områdereguleringsplan for Vårheia bustadområde på grunn av manglande samordna bustad, areal og transportplanlegging.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 18.01.2017

Kjell Håland (A) sette på vegner av A, Sp, KrF, Frp og H fram slikt forslag:

1. «Områdereguleringsplan for Vårheia utfordrar mål om samordna bustad, areal og transportplanlegging, jamfør Klimaplan for Hordaland kap. 5.
2. Planarbeidet er ikkje i tråd med grunnprinsipp i Kollektivstrategi for Hordaland. Eit bustadområde i Vårheia vil gi usikkert marknadsgrunnlag for å etablere nye busstilbod med høg frekvens og vil leggje beslag på ressursar som kan bidra til fleire og nye kundar.
3. I ei heilsakpsvurdering finn utval for kultur, idrett og regional utvikling ikkje grunnlag for motsegn, men vil tilrå at ein opnar for utbygging i det nedre området og utset ei utbygging av det øvre området til seinare.
4. Utval for kultur, idrett og regional vil tilrå at Bergen kommune arbeider med fortetting nærmest jernbanestasjonen først, og viser i den samanheng til Bergen kommune sitt arbeid og prosess med områdeplan for Indre Arna.»

Røysting

Håland sitt forslag vart vedteke med 12 røyster mot 1 røyst (MDG) for fylkesrådmannen sitt forslag.

Vedtak

1. Områdereguleringsplan for Vårheia utfordrar mål om samordna bustad, areal og transportplanlegging, jamfør Klimaplan for Hordaland kap. 5.
2. Planarbeidet er ikkje i tråd med grunnprinsipp i Kollektivstrategi for Hordaland. Eit bustadområde i Vårheia vil gi usikkert marknadsgrunnlag for å etablere nye busstilbod med høg frekvens og vil leggje beslag på ressursar som kan bidra til fleire og nye kundar.
3. I ei heilsakpsvurdering finn utval for kultur, idrett og regional utvikling ikkje grunnlag for motsegn, men vil tilrå at ein opnar for utbygging i det nedre området og utset ei utbygging av det øvre området til seinare.
4. Utval for kultur, idrett og regional vil tilrå at Bergen kommune arbeider med fortetting nærmest jernbanestasjonen først, og viser i den samanheng til Bergen kommune sitt arbeid og prosess med områdeplan for Indre Arna.

PS 11/17 Klimapartnar Hordaland - vidare utvikling

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet i Hordaland tar saka til orientering og støttar at Klimapartnar Hordaland vert vidareført.
2. Klimapartnar Hordaland held fram som tiltak i klimaplanens handlingsprogram for perioden 2017 – 2020. Innan utgangen av 2019 må ein vurdere fylkeskommunen si rolle og eventuell økonomisk støtte på nytt.
3. Fylkesutvalet føreset at Hordaland fylkeskommune får ein plass i styringsgruppa.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.01.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet i Hordaland tar saka til orientering og støttar at Klimapartnar Hordaland vert vidareført.
2. Klimapartnar Hordaland held fram som tiltak i klimaplanens handlingsprogram for perioden 2017 – 2020. Innan utgangen av 2019 må ein vurdere fylkeskommunen si rolle og eventuell økonomisk støtte på nytt.
3. Fylkesutvalet føreset at Hordaland fylkeskommune får ein plass i styringsgruppa.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.01.2017

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet i Hordaland tar saka til orientering og støttar at Klimapartnar Hordaland vert vidareført.
2. Klimapartnar Hordaland held fram som tiltak i klimaplanens handlingsprogram for perioden 2017 – 2020. Innan utgangen av 2019 må ein vurdere fylkeskommunen si rolle og eventuell økonomisk støtte på nytt.
3. Fylkesutvalet føreset at Hordaland fylkeskommune får ein plass i styringsgruppa.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 18.01.2017

Karina Garnes Reigstad (MDG) stilte spørsmål om ho var ugild fordi ho er tilsett i Hordaland fylkeskommune, næringsseksjonen og er saksbehandlar for Klimapartner Hordaland.

Reigstad gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var ugild. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok samrøystes at Karina Garnes Reigstad var ugild, jf. kommunelova § 40 nr. 3, forvaltningslova § 6, 2. ledd.

Karina Garnes Reigstad gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 11 representantar til stades.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet i Hordaland tar saka til orientering og støttar at Klimapartnar Hordaland vert vidareført.
2. Klimapartnar Hordaland held fram som tiltak i klimaplanens handlingsprogram for perioden 2017 - 2020. Innan utgangen av 2019 må ein vurdere fylkeskommunen si rolle og eventuell økonomisk støtte på nytt.
3. Fylkesutvalet føreset at Hordaland fylkeskommune får ein plass i styringsgruppa.

PS 12/17 Forslag til endringar i vassdragsreguleringsloven og industrikonsesjonsloven. Fråsegn

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet er positiv til forslag til revisjon av vassdragsreguleringsloven og industrikonsesjonsloven. Vassdragslovgjevinga har mykje å seie for Hordaland, og oppdateringane vil gjere lovtekstene lettare tilgjengeleg.
2. Forslaga vil føre til 4 lover med ganske like kortnamn. Fylkesutvalet ber departementet vurdere ytterlegare forenkling, mellom anna om det er behov for vassdragsloven i si noverande form.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 18.01.2017

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet er positiv til forslag til revisjon av vassdragsreguleringslova og industrikonsesjonslova. Vassdragslovgjevinga har mykje å seie for Hordaland, og oppdateringane vil gjere lovtekstane lettare tilgjengeleg.
2. Forslaga vil føre til 4 lover med ganske like kortnamn. Fylkesutvalet ber departementet vurdere ytterlegare forenkling, mellom anna om det er behov for vassdragslova i sin noverande form.

PS 13/17 Ymse

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 18.01.2017

Sakene vart behandla i slik rekjkjefølge: 10/17, 4-9/17, 11-12/17.

Før saksbehandlinga tok til var utvalet på synfaring i Arna: områderegulering – Vårheia.

Orientering om Regional plan for kompetanse og arbeidskraft – status for planarbeidet v/**seksjonsleiar Kathrin Jakobsen** i regionalavdelinga, seksjon for forsking, internasjonalisering og analyse.

Sigbjørn Framnes (Frp) orienterte om bakgrunnen for kvifor han har trekt seg som styremedlem i Sunnhordland museum.

Utvalsleiaren opplyste at medlemer i utval for kultur, idrett og regional utvikling er inviterte til opninga av Fjordhallen i Ullensvang laurdag 11. februar kl. 13.00. Interesserte kan melde frå til utvalsleiaren.

Utvalsleiaren opplyste at utval for kultur, idrett og regional utvikling kan ta ein utanlandstur i valperioden. Ho bad om at medlemene i utvalet set av dagane 23.-29. august 2017 i kalenderen og melder tilbake til fylkesdirektør kultur og idrett - per.morten.ekerhovd@hfk.no - om kva for dagar som passar. Ein tek sikte på fire overnattingar.